



H O V E D B Y G G

B R A K K E B Y G G

U T E A V D E L I N G

# RØVEROMPA BARNEHAGE

Å R S P L A N

2 0 2 4 - 2 0 2 5



A stylized illustration of a tree where the leaves are replaced by various colored hands (orange, green, yellow, blue) reaching out. The trunk and branches are drawn with thick, textured blue lines, and there are some green brushstrokes at the base representing grass.

**Årsplanen** bygger på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar med forskrifter. Årsplanen skal fastsetjast og godkjennast av samarbeidsutvalet i barnehagen.

**Årsplanen sine funksjonar:**

- eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet
- utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen
- informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen

## KONTAKT INFORMASJON

### Administrasjon:

Henriette Gjervik Barnehagestyrar

Tlf: 952 08 069

Claudia Arancibia Assisterande styrar/ped.leiar

Tlf: 484 61 692

Administrasjon

Tlf: 57 73 07 59

### Blåklokka (1-2år)

Tlf: 459 74 126

Marianne Kaland – ped.leiar 100%

Merethe Landøy – fagarbeidar 100%

Camilla Bentås – fagarbeidar 100%

### Kvitveisen (1-3år)

Tlf: 459 74 125

Jeanett Hilby – ped.leiar 100 %

Ruth Reyes – fagarbeidar 100%

Linda Aribi – fagarbeidar

Claudia – ped.leiar/ass.styrar 40%/60%

### Marihøna (3-6 år)

Tlf: 459 74 129

Jonas Ryland – ped.leiar 100%

Sonja Høivik- fagarbeidar 100%

Tom Andre Arnstein- fagarbeidar 100%

Ann Kristin Eidem – ped.medarbeidar 100%

### Maurtua - uteavdeling (3-6år)

Tlf: 459 74 128

Marie Gjervik – ped.leiar 100%

Karianne – ped.leiar 100% (disp)

Marte Holmelid – fagarbeidar 70%

Julie Gabrielsen – helsefagarbeidar 90%

Karoline Eidem – ped.medarbeidar 100%

# BARNEHAGERUTA

| Månad     | Veke/dato                                          | Hending                                                                         |
|-----------|----------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| August    | Torsdag 15.                                        | Oppstart nytt barnehageår                                                       |
| September |                                                    |                                                                                 |
| Oktober   | Måndag 7. - fredag 11.                             | Hautferie skule (veke 41)                                                       |
| November  | Fredag 1.                                          | Planleggingsdag (felles)                                                        |
| Desember  | Tysdag 24.-torsdag 26.<br>Tysdag 31.-onsdag 01.jan | Barnehagen stengt - jul<br>Barnehagen stengt - jul                              |
| Januar    | Torsdag 2.<br>Måndag 6.                            | Første dag etter nyttår<br>Planleggingsdag                                      |
| Februar   | Måndag 17. - fredag 21.                            | Vinterferie skule (veke 8)                                                      |
| Mars      | Fredag 28.                                         | Planleggingsdag                                                                 |
| April     | Onsdag 16.<br>Torsdag 17. – måndag 21.             | Barnehagen stenger kl.12<br>Barnehagen stengt – påske                           |
| Mai       | Torsdag 1.<br>Torsdag 29.<br>Fredag 30.            | Heilagdag, barnehagen stengt<br>Heilagdag, barnehagen stengt<br>Planleggingsdag |
| Juni      | Måndag 9.                                          | Heilagdag, barnehagen stengt                                                    |
| Juli      |                                                    |                                                                                 |
| August    | Fredag 15.                                         | Planleggingsdag                                                                 |

## Arbeid mot ein VISJON: «Barn treng røter og venger»

Utgangspunktet for arbeidet vårt mot ein felles visjon er *inkluderande fellesskap og gode relasjonar*.

Når gode relasjonar forplantar seg vil det styrke fellesskapet samtidig som det bidreg til å auke tryggleik og trivsel. Gode og trygge relasjonar er avgjerande for barns utvikling.

Barn skal oppleve tryggleik i eit miljø som fremjar lek og læring.

For å visualisere arbeidet vårt har vi utarbeida eit visjonstre.

Dette synleggjer noko av kva vi vektlegg for å gi borna eit trygt og godt fundament som støtte til å bli sjølvstendige individ og til å meistre livet vidare.

Vi ønskjer å gi barna ein god barndom!



## SATSINGSOMRÅDE: «Leik og læringsmiljø»

Leiken er ein viktig arena for samhandling mellom barn, og gjennom leiken utviklar barn seg.


I Røverompa barnehage vil vi rette fokus på *leiken sin eigenverdi*.

Leiken skal vere ein naturleg del av barna sin kvardag. Barn skal oppleve eit inkluderande leike og læringsmiljø som støtter opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Personalet skal bidra til å utvikle leiken ved å vere ein *aktiv vaksen* som støttar barna der dei er. Den vaksne skal observere og fange opp det som skjer i leiken, legge til rette for eit variert leikemiljø og tilpasse barnegruppa si interesse og behov.

Barn sin medverknad skal vere ein grunnpilar i arbeidet. Barnet sitt synspunkt skal vektleggjast i samsvar med alder og kor modent barnet er.

### Vårt fokus:

- leikemiljøet skal vere i utvikling
- barn sin medverknad
- aktive og tilstadeverande vaksne som støttar og gir nye impulsar til leiken
- leikekompetent personale som observerer og legg til rette for eit inkluderande leikemiljø



# FORMÅL OG PEDAGOGISK INNHOLD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa.

I barnehagen skal barn få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong.

Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for OMSORG

Omsorg er ein føresetnad for tryggleik og trivsel, og er grunnleggande for at barn skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og får den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Personalet skal:

- bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile
- leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre
- sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhørrelse i barnehagen
- møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- vere lydhøyrer for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre

Barnehagen skal vareta barnas behov for LEIK

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin egenkultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn opplever glede, humor, spenning og engasjement gjennom leiken, både som enkelt individ og i fellesskap med andre.

#### Personalet skal

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik
- fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik.
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken



## Barnehagen skal fremje DANNING

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

### Personalet skal:


- leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
  - støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
  - synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
  - leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
  - utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
  - synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.
- 

## Barnehagen skal fremje LÆRING

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring.

### Personalet skal:

- sørge for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling
- vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner
- utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar



## AUGUST – 2024

### Tilvenning og overgang til ny avdeling

Det er stor overgang for både barn og foreldre når barnet begynner i barnehagen, og når barnet flyttar frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling. Barn er ulike og reagere ulikt på endringar i kvardagen. Nokre barn vil oppleve overgangen som skummelt og utrygt, medan andre vil synest det kan vere spennande med eit nytt miljø. I tilvenningsperioden vil personalet ha fokus på å trygge det einaskilde barnet og skape nye relasjonar og tilhøyrse for alle i ny gruppe.

#### Vårt mål med tilvenning:

- Skape ein god og trygg tilvenning og overgang for nye born.
- Personalet er godt førebudd, og sitt med god kompetanse om tilvenning.
- Personalet etablerer gode relasjonar til barnet ved å til stede, imøtekommande og tilgjengeleg.
- Barnet skal bli møtt med omsorg og respekt!

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag                             | Fredag |
|------|--------|--------|--------|-------------------------------------|--------|
| 31   |        |        |        | 1                                   | 2      |
| 32   | 5      | 6      | 7      | 8                                   | 9      |
| 33   | 12     | 13     | 14     | 15<br>Velkommen<br>til nytt bhgåår! | 16     |
| 34   | 19     | 20     | 21     | 22                                  | 23     |
| 35   | 26     | 27     | 28     | 29                                  | 30     |

## SEPTEMBER - 2024

### Tryggleik og omsorg

Tilvenning er ingen hokuspokus, det tar tid å venne seg til eit nytt miljø. Fokuset i september vil framleis vere tilvenning. Vi vil sette av tid til å bli godt kjende med kvarandre og oppleve tryggleik i den nye kvardagen. For at barna skal trivast, leike, lære og utvikle seg er det viktig at dei er trygge. Etter kvart vil personalet legge til rette for meir aktivitetar og pedagogisk innhald.

### Mål for september:

- Personalet etablere nye relasjonar til barn og mellom barn.
- Personalet legg til rette for felles aktivitetar, med fokus samhald og glede.
- Personalet møter barnet med anarkjennelse og omsorg.
- Personalet nyttar tryggleikssirkelen som eit arbeidsverktøy i kvardagen.
- Personalet legg til rette og former ein ny dagsrytme/vekerytme tilpassa barnegruppa.

| Veke | Måndag             | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|------|--------------------|--------|--------|---------|--------|
| 36   | 2                  | 3      | 4      | 5       | 6      |
| 37   | 9                  | 10     | 11     | 12      | 13     |
| 38   | 16                 | 17     | 18     | 19      | 20     |
| 39   | 23<br>FORELDREMØTE | 24     | 25     | 26      | 27     |
| 40   | 30                 |        |        |         |        |

## OKTOBER - 2024

### Foreldresamarbeid

I oktober startar avdelingane opp med foreldresamtalar.

Pedagogisk leiar inviterer foreldre til samtale der de går igjennom barnets trivsel og utvikling.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet skal alltid ha **barnets beste som mål**»

#### Kva kan du forvente av ein foreldresamtale samtale?

- Pedagogisk leiar stiller godt førebudd, gir dykk innsikt i barnets kvardag.
- Pedagogisk leiar formidlar positive sider, men MÅ også vere ærleg og open om utfordringar som trenger litt meir fokus.
- Pedagogisk leiar bruker sin kompetanse, gjev råd og rettleiing om nødvending.
- Pedagogisk leiar er lydhør og tek imot konstruktiv kritikk. Har de noko på hjerte MÅ de formidle dette. De kjenner barnet best!

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|------|--------|--------|--------|---------|--------|
| 40   |        | 1      | 2      | 3       | 4      |
| 41   | 7      | 8      | 9      | 10      | 11     |
| 42   | 14     | 15     | 16     | 17      | 18     |
| 43   | 21     | 22     | 23     | 24      | 25     |
| 44   | 28     | 29     | 30     | 31      |        |

**Haustferie på skulen: 7.okt - 11.okt, gje beskjed om barnet ditt**

## NOVEMBER – 2024

### Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar»

Røverompa barnehage har støtta forut barneaksjon gjennom fleire år. Barneaksjonen er eit pedagogisk opplegg om livet til barn i Afrika og Asia som bidrar til å dekke viktige mål i Rammeplan for barnehager. I år vil barna bli kjend med Hamphless og familien frå Malawi, vi gledar oss til denne reisa!

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag                         |
|------|--------|--------|--------|---------|--------------------------------|
| 44   |        |        |        |         | 1<br>Planleggingsdag<br>STENGT |
| 45   | 4      | 5      | 6      | 7       | 8                              |
| 46   | 10     | 11     | 12     | 13      | 14                             |
| 47   | 17     | 18     | 19     | 20      | 21                             |
| 48   | 24     | 25     | 26     | 27      | 28                             |

Hugs påmelding til romjula, frist 25.november.

## DESEMBER – 2024

### Jul i barnehagen

Det vil forgå ein del aktivitetar i barnehagen før jul, men først og fremst ynskjer vi å skape en koseleg og stemningsfull tid i barnehagen. Vi vil dagleg ha samlingsstund, der vi syngjer julesongar, lesar julebøker og forteljingar, trekke kalendar og teller ned til jul.

Avdelingane skal:

Gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven gjennom:

- Adventssamlingar
- Høgtidsmarkering (kyrkjebesøk, luciagog mm.)
- Nissefest
- Bakegruppe

| Veke | Måndag | Tysdag         | Onsdag       | Torsdag      | Fredag      |
|------|--------|----------------|--------------|--------------|-------------|
| 49   | 2      | 3<br>Nissefest | 4            | 5            | 6           |
| 50   | 9      | 10             | 11           | 12           | 13<br>Lucia |
| 51   | 16     | 17             | 18           | 19           | 20          |
| 52   | 23     | 24<br>STENGT   | 25<br>STENGT | 26<br>STENGT | 27          |
| 53   | 30     | 31<br>STENGT   |              |              |             |

# JANUAR – 2025

## Nytt år, nye mogelegheiter!

Måndag 5.januar er barnehagen stengt grunna planleggingsdag. Planleggingsdagen blir nytta til fagleg påfyll. Personalet brukar tid til å diskutere, reflektere, planlegge og evaluere det pedagogiske innhaldet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Vårt mål er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

| Veke | Måndag                         | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|------|--------------------------------|--------|--------|---------|--------|
| 1    |                                |        |        | 2       | 3      |
| 2    | 5<br>Planleggingsdag<br>STENGT | 6      | 7      | 8       | 9      |
| 3    | 12                             | 13     | 14     | 15      | 16     |
| 4    | 19                             | 20     | 21     | 22      | 23     |
| 5    | 26                             | 27     | 28     | 29      | 30     |

## FEBRUAR – 2025

Samenes nasjonaldag er 6. februar. Alle barnehager skal synliggjere samisk kultur og bidra til at barn kan utvikle respekt og fellesskapsfølelse for det samiske mangfoldet. I Røverompa barnehage skal barna få innblikk i samisk kultur gjennom forteljing, mat, joik, flagg og andre innholdsrike aktiviteter.

Torsdag 27.februar har vi sett av dato til karneval i barnehagen. Karneval er ein tradisjon i barnehagen som er like kjekt for små og store. Denne dagen kan barna kome med utkleddingstøy. Det blir ein kjekk dag med mykje leik og moro! 😊

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag                     | Fredag |
|------|--------|--------|--------|-----------------------------|--------|
| 6    | 3      | 4      | 5      | 6<br>SAMENES<br>NASJONALDAG | 7      |
| 7    | 10     | 11     | 12     | 13                          | 14     |
| 8    | 17     | 18     | 19     | 20                          | 21     |
| 9    | 24     | 25     | 26     | 27<br>KARNEVAL              | 28     |

Vinterferie på skulen i v.8 (17.feb – 21.feb), gje beskjed om ditt barn tek fri!

## MARS - 2025

Det yra av liv både i skog og fjære, og vi treng ikkje å gå langt for å finne vårteikn. Framover vil avdelingane ha fokus på plante- og dyrelivet.

Personalet skal:

- Gi barna kunnskap om naturen gjennom bilete, tekst og dramatisering.
- Legg til rette for temaarbeid knytt opp mot årstida.
- Lære barna å ta vare på naturen.
- Ta i bruk nærmiljøet aktivt i det pedagogiske arbeidet med barna.

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag                          |
|------|--------|--------|--------|---------|---------------------------------|
| 10   | 3      | 4      | 5      | 6       | 7                               |
| 11   | 10     | 11     | 12     | 13      | 14                              |
| 12   | 17     | 18     | 19     | 20      | 21                              |
| 13   | 24     | 25     | 26     | 27      | 28<br>Planleggingsdag<br>STENGT |
| 14   | 31     |        |        |         |                                 |

Minner om planleggingsdag - 28.mars bhg stengt!


PÅMELDING TIL PÅSKE 27.MARS

## APRIL – 2025

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellinger, tradisjoner, verdier og høytider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk har en egenverdi. Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal personalet gi barna kjennskap til og markere merkedager, høytider og tradisjoner i den kristne kulturarven og andre religioner og livssyn som er representert i barnehagen» *Kunnskapsdepartementet, 2017.*

I barnehagen feirar vi livet, og lager ting i barnehagen som symboliserer liv. Egg er byrjinga på nytt liv og kyllingen har akkurat starta livet sitt. Karse gir eit godt bilde på livet som spirer frå eit frø. Personalet skal saman med barna undre seg over påskebudskapet gjennom kyllingar, egg, karse og høgtidsforteljingar.

| Veke | Måndag       | Tysdag | Onsdag                            | Torsdag      | Fredag       |
|------|--------------|--------|-----------------------------------|--------------|--------------|
| 14   |              | 1      | 2                                 | 3            | 4            |
| 15   | 7            | 8      | 9                                 | 10           | 11           |
| 16   | 14           | 15     | 16<br>Barnehagen<br>Stenger kl.12 | 17<br>STENGT | 18<br>STENGT |
| 17   | 21<br>STENGT | 22     | 23                                | 24           | 25           |
| 18   | 28           | 29     | 30                                |              |              |



© www.ClipartsFree.de

**PÅMELDINGSFRIST FOR SOMMAR BARNEHAGE 1.APRIL**

## MAI - 2024

Denne månaden er det innskriving, tilvenning og faste besøksdagar til skulen for førskulebarn. Dei små som skal starte på stor avdeling har faste og spontane turar til storbarnsavdeling. Det er viktig å legge til rette for mjuke og fine overgangar, slik at ein kan bli kjent og trygg på ny plass.

### Overgangar

(les eigen plan for meir detaljert info)

- Ny i barnehagen, besøksdager for nye born!
- Overgang til ny avdeling, tilvenning og besøk dagar.
- Barnehage/skule, førskuledagar.

... vårt mål er å sikre ein god og trygg overgang for alle barn og foreldre!

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag      | Fredag                           |
|------|--------|--------|--------|--------------|----------------------------------|
| 18   |        |        |        | 1<br>STENGT  | 2                                |
| 19   | 5      | 6      | 7      | 8            | 9                                |
| 20   | 12     | 13     | 14     | 15           | 16<br>Mini 17.mai                |
| 21   | 19     | 20     | 21     | 22           | 23                               |
| 22   | 26     | 27     | 28     | 29<br>STENGT | 30<br>Planleggingsdag<br>STENGT! |

## JUNI – 2025

Denne månaden er det ingen temaprojekt. Vi ynskjer å bruke tida på å kose oss saman, nytte nærmiljøet til lek og moro, der fellesskap og glede står i sentrum. Dette er siste månaden der avdelingane er kvar for seg. I juli er det sommarbarnehage, personalet vil i dette tidsrommet avvikle ferie og barna vil difor møte personale frå ulike avdelingar, samt sommarvikarar. Alle barn er i dette tidsrommet samla på bygget nede.

Personalet skal:

- Legge til rette for sommarlege aktivitetar
- Tur til fjæra og til skogs.
- Markere avslutning for små og store.

SOMMARBARNEHAGE på bygget nede VEKE 28, 29, 30 og 31.

NB: Kan bli endringar!

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag           | Torsdag | Fredag |
|------|--------|--------|------------------|---------|--------|
| 23   | 2      | 3      | 4                | 5       | 6      |
| 24   | 9      | 10     | 11<br>SOMMARFEST | 12      | 13     |
| 25   | 16     | 17     | 18               | 19      | 20     |
| 26   | 23     | 24     | 25               | 26      | 27     |
| 27   | 30     |        |                  |         |        |

SOMMARFEST onsdag 11.juni - foreldre og søsken er hjarteleg velkomne

